

HYSJ!

TEKST: Erna Osland • ILLUSTRASJON: Inger Lise Belsvik

Teksten er henta frå HØR! 21 forteljingar om Eli, Aschehoug 2012



Her er Eli.
Ho står i ro.
Heilt i ro.

Hysj!

Ho har ein fugl på hovudet.
Han sit i håret hennar.
I det veldig store, ville håret.

Eli står stille.
Ho lear seg ikkje.
Ho blunkar ikkje.
Og fuglen sit.
Trur han at ho er eit tre?
Som han kan byggje reir i?

Først blir Eli glad.
Så blir ho i stuss.
For kva om fuglen
kjem med kvister?
Om han pip?
Og bæsjar?

Eli held pusten.
Ho tenkjer seg om.

Men så må ho puste!

Ho pustar.
Og vips – så er fuglen vekk.